Om Foreininga for ansvarleg besøksforvalting i Luster

Foreininga for ansvarleg besøksforvaltning (FAB) i Luster er ei partipolitisk uavhengig foreining med lokal forankring i Skjolden med over 230 medlemmar.

Foreininga arbeider for ei ansvarleg, balansert og langsiktig utvikling av reiselivet på Skjolden og i Luster. Målet er at reiselivsaktivitetar, besøkstal og transportomfang skal vere tilpassa lokalsamfunnet, naturgrunnlaget, infrastrukturen og dei verdiane som gjer området attraktivt.

Foreininga er ein del av ein verdsomspennande motstand mot masseturisme og utholing av destinasjonar.

Foreininga skal arbeide for:

- at reiselivsutviklinga skjer innanfor det lokalsamfunnet, naturen, infrastrukturen og beredskapen samla sett kan tole
- at større besøksstraumar, organiserte grupper og periodar med høgt besøkstrykk blir vurderte opp mot lokal kapasitet, trafikkavvikling, tryggleik, naturpåverknad og kvardagslivet til innbyggjarane
- at det blir etablert betre system for planlegging, oversikt og koordinering av besøkstrykk gjennom året, slik at talet på gjester, tidspunkt for besøk, transportbehov og bruk av lokale ressursar kan handterast på ein forsvarleg måte
- at lokale, regionale og nasjonale avgjerder om reiseliv byggjer på kunnskap, lokal medverknad og ei realistisk vurdering av samla belastning og tolegrenser
- å bidra konstruktivt i dialog med Luster kommune, reiselivsaktørar, transportørar, grunneigarar, innbyggjarar og andre relevante partar om praktiske løysingar, kapasitetsvurderingar og tiltak som styrkjer ei berekraftig besøksforvaltning

Foreininga er ikkje imot reiseliv eller besøkande, men arbeider for at utviklinga skjer på ein måte som tek omsyn til lokalsamfunnet, naturen, verneområda, kulturverdiane, tryggleiken og framtidige generasjonar.

Foreininga ønskjer å medverke til at Skjolden og Luster framleis kan vere attraktive reisemål, samstundes som bygda, fjorden, landskapet og kvardagslivet til innbyggjarane blir tekne vare på.

Skjolden, 09.06.2026